

# *Haramsøy-songen*

*Tone: "Høie nord..."*

Haramsøy - heimbygd kjær  
gamle gilde heimegrender  
bygde opp av trugne hender  
millom holmar, fall og skjer.  
Her dei levde våre fedrer  
mot det ytste opne hav,  
etter gamle, gode seder dei oss gav.

Havsens brus er ditt kvad  
denne song som aldri tagnar  
men som trutt di fortid fagnar  
millom bår, berg og svad.  
Eg kan aldri, aldri gløyma  
denne tonen djup og varm.  
Alltid høyrer eg han strøyma frå din barm.

Haramsøy - gjev du må  
i di framtid framgong vinna  
so me alltid kan deg finna  
slik me helst deg vilde sjå.  
Gjev at alltid fast du standa  
på din post mot storm og hav,  
til eit vern om fedrelandet Gud oss gav.

*Tekst: Johan Bernt Ulla*